Tabell 5-6. Oppsummering: Evaluering av faregrad, skadekonsekvens, risiko. Sone I og sone II.

Evaluering	Sone I Klasse	Sone II Klasse
Faregrad	Høg	Høg
Skadekonsekvens kategori	Alvorleg	Alvorleg
Risikoklasse	3	3

**5.10 «Stabilitetsvurdering. Dokumentasjon av tilfredsstillende sikkerhet»**

Det er utført stabilitetsberekningar i fleire profil i områder langs vegen der stabiliteten er antatt mest kritisk. Inngangsparameterar, lagdeling, berekningsprofil og resultat er presentert i kapittel , 7, 8 og 9. Ein overordna konklusjon er presentert i kapittel 10.

**5.11 Oppsummering av klassifiseringar**

Tabell 5-7. Klassifisering ihht standarder og veiledarar.

Klassifisering	
Geoteknisk kategori (Eurokode)	3
Pålitelegheitsklasse CC/RC (Eurokode)	3
Tiltaksklasse (TEK 17/NVE)	K3
Faregrad (NVE 2-2011)	Høy faregrad (sone I), middels faregrad (sone II)

## 6 Tidlegare utførte grunnundersøkingar og stabilitets vurderingar

Det har vorte utført grunnundersøkingar i fleire omgonger i og ved det aktuelle området forutan grunnundersøkingane utført våren-2018 /19/:

- Statens vegvesen (2004): Geoteknisk rapport nr. 030072-05, Rv 544 hp 52 Halsnøysambandet, Grunnundersøkingar for byggeplan. Borpunktnr. «7205-xx».
- Statens vegvesen (2005): Geoteknisk rapport nr. 050072-10, Fv60 Sæbøvik–Tofte, Overvanngrøft ved Tofte skole (Arkivref.: 20050072-10). Borpunktnr. «OLxx».
- Multiconsult (2006): Datarapport nr. 211277-1, Rv 544 Halsnøysambandet Fv 60 Sæbøvik-Tofte, Grunnundersøkelser (Arkivref.: 2006064759-6-2). Borpunktnr. «1xx».
- Multiconsult (2006): Datarapport og stabilitetsvurdering nr. 211277-3, Rv 544 Halsnøysambandet Fv 60 Sæbøvik-Tofte, Supplerende grunnundersøkelser. Borpunktnr. «xx», «1xx» og «2xx»

Resultat frå tidlegare sonderingar er inkludert i borplanane presentert i /19/, og i grunnlaget oversendt digitalt (Geosuite) frå SVV. I samanheng med kontroll/verifikasjon av tidlegare utførte grunnundersøkingar har det vorte kommentert at prøveseriane har vore forstyrre, og det er i tillegg kommentert dårleg metning av filter for måling av poretrykk under nedpressing av CPTU.

Det er utført stabilitetsberekningar som er presentert i dokumenta /18/og /16/. Vidare har GeoVest Haugland utført kontroll av stabilitetsberekningane, denne kontrollen er rapportert i /21/.

### 6.1.1 Overordna grunnforhold – tidlegare utførte grunnundersøkingar

Det er utført grunnundersøkingar i fleire rundar ved den aktuelle vegtraseen, desse er referert i datarapporten /19/. Grunnundersøkingane har avdekka sprøbruddmateriale og kvikkleire i lausmassane. Området på oversida av og nedsida av vegen mellom profil 200 – 350 har vorte spesielt vektlagt, i dette området er det registrert omlag 30 m djupne til berg på det meste. Ved ravina, ved profil 350, er det observert berg i dagen på den vestlege sida av ravina, medan det er registrert relativt korte djupner til berg midt i ravina. Boringane gjennom lausmassane i ravina indikerer noko meir motstand enn det som er registrert lenger aust i området. Det er eit utval borpunkt i ravina, men mange av sonderingane er utført med lett utstyr (håndholdt) som gir begrensa informasjon. Djupne frå terreng til berg aukar betydeleg i retning mot aust frå ravina.

Det kan bemerkeast at det er lite informasjon om grunnforhold og lagdeling langs den austlege skråninga i ravina.

Det er utført prøvetaking med Ø54 mm prøvetakar, aktive og passive treaksialforsøk er vidare utført på prøvane. Resultata frå forsøka indikerer i følgje GeoVest Haugland /21/ at prøvane er meir eller mindre forstyrre, observert skjærstyrke frå forsøka kan difor underestimere in-situ skjærfasthet av leira.

Det er også utført fleire CPTU i området, det har dessverre vist seg at relevansen av desse sonderingane er begrensa grunna dårleg poretrykksrespons /18/ og /21/.

Boringane tyder på eit noko fastare lag i toppen, dette kan vere tørrskorpeleire, deretter er det registrert blaute sediment i stor tjuknad, med nokre lag som gir høgare motstand med djupna, dette kan vere siltig materiale. Karakteristikken av kurvene frå totalsonderingane og

dreietrykksonderingane antyd at det er sensitiv/kvikkleire i grunnen. Dette er også dokumentert med laboratorieforsøk på prøveseriane.

### 6.1.2 Konklusjonar frå tidlegare stabilitetsvurderingar

Multiconsult har utført stabilitetsberekningar som er presentert i /18/ og /16/. Det er konkludert at områdestabiliteten er låg (sikkerheitsfaktor lågare enn 1.0), men at lokalstabilitet er akseptabel. Vidare er det føreslege diverse tiltak som skal bringa områdestabiliteten opp på eit akseptabelt nivå.

I /18/ er det konkludert med at «profil 4» er det mest kritiske profilet. Dette profilet ligg i nærleiken av profil N-N presentert i borplanen vedlagt /19/ (2018). Det er også utført ei stabilitetsberekning av «profil 8, denne er presentert i /16/. Profil 8 ligg om lag midt i ravina oppover forbi vegen over «huset i svingen» og vidare oppover skråninga i øvre del av ravina. Det er her konkludert med at områdestabiliteten er for låg (1.44 på effektivspenningsbasis mot krav på 1.6). Vidare er berekna sikkerheitsfaktor lik 0.92 på totalspenningsbasis. Det er konkludert med at områdestabiliteten kan betrast med å leggja ut ei fylling i ravina.

Elles er det konkludert med at moglege tiltak for å betre områdestabiliteten er KC-pelar, spunting og avlasting. Det er også konkludert at ingen av tiltaka åleine kan bringa sikkerheitsnivået opp på eit tilstrekkeleg høgt nivå. Det er også kommentert usikkerheit knytt til tiltaka.

GeoVest Haugland har utført kontroll på stabilitetsberekningane utført av Multiconsult. Dette er rapportert i /21/. Følgjande konklusjonar er verdt å merke seg:

Rapporten /21/ vurderer ulike tiltak for å auke områdestabiliteten, og viser effekten av dette med berekningar i Plaxis 2D. Effekten av tiltak i form av endring i berekna sikkerheitsfaktor er presentert under:

- «Base case - dagens situasjon»: Sikkerheitsfaktor = 0.86 (totalspenningsbasis)
- Motfylling på nedside av vegen, auke på 5.8%
- Spunt – ikkje anbefala, reduksjon på 13%
- Avlasting av terrenget på oversida av vegen, auke på 9.3%
- Fylling i ravina – anbefalt i rapporten – ikkje utført berekning. Påverkar kun stabiliteten i området ved ravina

GeoVest Haugland kommenterte elles at ein bør vurdere eit berekningsnitt normalt på brattaste helling inn mot ravina. Dette har ikkje vorte vurdert. Vidare er det også kommentert at poreovertrykk ikkje har vorte inkludert i berekningane.

SVV har oppsummert vurderingane av grunnforhold og nødvendige tiltak for gang og sykkelveg gjennom Tofte i notatet referert i /22/. I denne rapporten er saltstabilisering vurdert som eit alternativ. Dette vil forøvrig vera eit tiltak som vil krevje lang tid. I samråd med SVV er det i denne rapporten ikkje vidare vurdert korleis saltstabilisering kan utførast, tidsplan for inngrepet, effekt på berekna sikkerheit etc..

Vidare er det anbefala å utføra nye grunnundersøkingar med blokkprøvar for å få uforstyrta prøvar, det er anteke at uforstyrta prøvar vil vise ein betydeleg høgare styrke enn det som er tolka frå treaksialforsøk presentert i /17/.

## 7 Tolking av grunnundersøkingar utført i 2018

Grunnundersøkingar utført i 2018 inkluderar følgjande:

- 61 dreietrykksonderingar
- 35 totalsonderingar
- 20 CPTU
- 15 uforstyrta prøveseriar: 2 seriar med miniblokkprøvetakar og 13 seriar med 54 mm
- 7 representative prøveseriar (forstyrta)
- 4 grunnvannsbrønner, alle på 4 m djupne
- 3 x 3 piezometer

Dette kapitelet presenterer tolking av resultatata frå prøveseriar og CPTU. Det er også gitt ei generell utgreiing av området basert på resultatata frå feltundersøkelsane.

### 7.1 Overordna vurdering av grunnforholda – inkludert ny informasjon frå GU 2018

Denne vurderinga av grunnforholda må sjåast saman med informasjonen i kapittel 6.1.1.

Det er generelt observert eit lag med høgare fastheit i øvre 1 m – 4 m som består av antatt forvittra/altra leire /18/. Tjuknad av dette laget varierer over området.

Vidare er det registrert til dels svært blaut, lavplastisk leire/siltig leire, som i nokre lag er klassifisert som sprøbruddmateriale/kvikkleire. Ein generell beskrivelse er presentert under.

#### **Vest for profil 200:**

Det er stor tjuknad av lausmassar sentralt i området ved profil 250 både ovanfor og nedanfor vegen, ved borpunkt 345 er det registrert over 28 m til berg. Berg er registrert på kote 26.8 i borpunkt 345, borplanen /19/ antydar at bergkotene fell betydeleg mindre enn terrengkotene i sør-vestleg retning i området ved profil 200 – 250. Dette resulterer i at tjuknad av lausmassar er avtakande nedover i skråninga.

Bergkotene fell bratt i sør-aust/sør/sørvestleg retning frå berg i dagen over vegen ved profil 300. Det er registrert kort djupne til faste massar og berg ved ravina (profil 300). Ravina kan vere danna av både erosjon og utrasing av lausmassar. Når ein tek fasongen av ravina i betraktning (U-form) verkar det sannsynleg at den er danna av eit ras. Dette er også konklusjonen i /21/.

Sør for profil 200, midt i området, er det registrert berg i dagen, og korte avstandar til berg,. Det kan sjå ut som om det er kort ned til berg langs ein rygg nedover like til berget kjem opp att nede ved fjorden.

#### **Aust for profil 200, nord for Fv 544:**

Sonderingane utført i dette området (CPTU ved 330, 335, 343, 353) antydar fastare massar, terrenget er også slakare i dette området. Største djupne i lausmasse (berg er ikkje registrert) er 41.7 m ved punkt 305 (totalsondering). Det er ikkje indikasjonar på sprøbruddmateriale/kvikkleire i dette området.

**Aust for profil 200, sør for Fv 544:**

Det er til dels særst blaute massar i området sør for vegen nedover i skråninga mot fjorden. Det er registrert sprøbruddmateriale og kvikkleire, og største djupne i lausmasse er 41,7 m, registrert ved punkt 308 (totalsondering).

Det går ei ravine i sørleg retning frå den nedlagte skulen og ned mot fjorden, denne ravina har ei V-form, og den er sannsynlegvis danna av bekken over lang tid.

Figur 7-1 viser området delt inn i soner med sprøbruddmateriale og soner med berg i dagen. Borpunkt og berg i dagen er omtrentleg plassert og hensikten med figuren er å gi ein overordna forståelse over situasjonen. Merk at det kun er prøvar som gir eksakt informasjon. Det kan også vere områder utanfor den skraverte sona som har sprøbrudd/kvikkleire førekomstar. Fargekodar i figuren er som følgjer:

- Raud trekant = CPTU som tydeleg indikerer sprøbrudd/kvikkleire
- Oransje trekant = CPTU som antyder sprøbrudd/kvikkleire
- Grøn trekant = CPTU som ikkje indikerer sprøbrudd/kvikkleire
- Raud sirkel = prøveserie som klassifiserer materialet som sprøbrudd/kvikkleire
- Grøn sirkel = prøveserie som ikkje har dokumentert sprøbrudd/kvikkleire

Merk at pkt.347 (merka grøn i Figur 7-1) ligg innanfor blått område då dreietrykksondering 228 (nedanfor 347) viser avtakande motstand med djupna.


Merk at området merka som berg i dagen vest for pkt.503 (Figur 7-1) har betydeleg større utbreiing i vestleg retning, men dette er ikkje teke med her, då vi ikkje har gode data på dette.

Marin grense er også indikert med blå-stipla linje på Figur 7-1 ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)).

Korte kommentarar til CPTU sonderingane utført i 2018 er presentert i tabell i vedlegg, tabellen gir ein kort oversikt over sonderingane vist i Figur 7-1.

Tolking av laboratorieforsøk og CPTU er presentert i etterfølgjande kapittel.






Figur 7-1. Omtrentleg plassering av borpunkt og grov inndeling av område med antatt sprøbrudd/kvikkleire (blå skravur) og berg i dagen (raud-brun skravur). \*Merk at pkt.347 (merka grøn) ligg innanfor blått område då dreietrykksondering 228 (nedanfor 347) viser avtakande motstand med djupna. Blå-stipla linje indikerer marin grense.

## 7.2 Vassinnhald



Rapporterte verdier frå blokkprøvar og 54 mm ligg jevnt over på om lag 30%. Vassinnhald høgare enn w<sub>l</sub> er registrert på fleire av prøvane, noko som er typisk for sprøbruddmateriale/kvikkleire.



Figur 7-2. Vassinnhald (W) alle borhol /19/.

### 7.3 Flytegrense, plastisitetsgrense og plastisitetsindeks

Gjennomsnittleg verdi for IP er om lag 10 % i øvre 5 m, deretter er gjennomsnittleg verdi om lag 6% – 7%. Flytegrense er om lag 20% – 30%, plastisk grense er om lag 15% - 20%.



Figur 7-3. Flytegrense (wl) og plastisitetsgrense (wp), alle borhold /19/.


Figur 7-4. Plastisitetsindeks (IP), alle borhold /19/.

### 7.4 Korngradering

Korngradering er vist i datarapporten /19/ og er ikkje gjengitt i dette dokumentet.

## 7.5 Tyngdetettleik

Tyngdetettleik registrert for alle prøvane er vist i Figur 7-5.



Figur 7-5. Tyngdetettleik ( $\gamma$ ) alle borhol /19/.


## 7.6 Udrenert skjærstyrke

### 7.6.1 Resultat frå laborieforsøk


Udrenert skjærstyrke er tolka frå konus, einaks og aktive treaksialforsøk. Resultata frå forsøka er plotta i Figur 7-6. Omrørt skjærstyrke (Curfc) er også inkludert i figuren. Curfc er også presentert separat i Figur 7-7. Det er antyda grenseverdi for omrørt styrke for klassifisering av kvikkleire og sprøbruddsmateriale. Kvikkleire vert generelt definert ved at omrørt skjærstyrke er lågare enn 0.5 kN/m<sup>2</sup>, likeeins vert sprøbruddsmateriale definert ved omrørt skjærstyrke lågare enn 2.0 kN/m<sup>2</sup> og sensitivitet, St, høgare enn 15. Andre karakteristika som kjenneteiknar kvikkleire er:  $W > w_l$ , høg sensitivitet (St ofte over 50), og lågt saltinnhald.

Kvaliteten av treaksialforsøka er ikkje ikkje vidare kommentert i datarapporten (med laborierapport inkludert) /19/. Det kan bemerkast at «B-verdi» for nokre av forsøka ikkje er oppfylt. I diskusjon med SVV er det konkludert med at forsøka skal vurderast som representative. Som eit grovt mål på graden av prøveforstyrrelse kan ein vurdere kvaliteten på prøvane basert på utpressa porevatn ved konsolidering. SVV handbok V220 /8/ klassifiserar prøvane som «godt forsøk» dersom  $\epsilon_{vol} < 2\%$ . Dette er tilfelle for dei fleste av forsøka, bortsett frå to aktive og eit passivt forsøk ved ca 8m djupne ved borpunkt 346, der  $\epsilon_{vol}$  er mellom 2.4 % – 2.7 %, desse forsøka vil då

klassifiserast som «akseptabelt forsøk» ihht. /8/. Resultata frå konus, einaks og treaksialforsøka er plotta saman med styrkeprofil tolka frå CPTU i vedlegg.



Figur 7-6. Udrenert skjærstyrke ( $S_u$ ) alle borhol, konus, einaks og resultat frå aktiv treaks (CUA) ved BH 345 og 346.



Figur 7-7. Omrørt skjærstyrke ( $C_{urfc}$ ) frå konusforsøk /19/. Raud strek markerer  $0.5 \text{ kN/m}^2$ .

Forklaring til benevning i figur:

$C_{ufc}$  = Udrenert skjærfasthet – fall cone

$C_{urfc}$  = Udrenert remoulded skjærfasthet – fall cone

$C_{uuc}$  = einaks

BH 345 SUA og BH 346 SUA = Udrenert skjærfasthet frå aktiv triaks (blokkprøvar)

Resultat frå treaksialforsøk frå tidlegare rapportar /17/ viser til dels forstyrta prøvar, resultat frå desse forsøka er presentert i tabellform i Tabell 7-1. Merk at SUA i tabellen representerer ein peak-verdi som i nokon tilfeller har tøyning på 10% eller meir.

Tabell 7-1. Resultat frå tidlegare utførte treksialforsøk /17/

Prøve ved borpunkt	Z [m]	Su <sup>A</sup> [kN/m <sup>2</sup> ]
118	9.5	34
118	5.35	40
122	5.3	36
122	9.3	32.5
129	2.85	125
129	4.95	40
139	7.85	26
146	7	37
143	6	29
143	3.5	25
141	6.35	30

Det er utført aktive og passive treksialforsøk (CAUC og CAUE) ved BH 345 og 346. I tillegg er det utført ein CAUC i 1.6m djupne ved BH410, det heftar for øvrig usikkerheit ved dette forsøket grunna gruskorn i prøven (sjå vedlegg 8 i /19/).

Resultat frå CAUC og CAUE er presentert i Tabell 7-2 saman med resultat frå rutineundersøkelser. Peak skjærstyrke for CAUC og CAUE forsøka er presentert i Tabell 7-2.

Tabell 7-2. Resultat frå CAUC, CAUE, samanstilling med S<sub>t</sub>, I<sub>p</sub>, w, wl, γ og berekning av S<sub>u</sub><sup>E</sup>/S<sub>u</sub><sup>C</sup>.

Test ID	djupne [m]	Type test	Klassifisering	St*	I <sub>p</sub> *	w	wl*	γ	γ ved τ <sub>max</sub>	τ <sub>max</sub> ***	τ <sub>max</sub> 2%	SuE/SuA**	SuE/SuA**	
				[-]	[%]	[%]	[%]	[kN/m <sup>3</sup> ]	[%]	[kN/m <sup>2</sup> ]		peak SuE	SuE @ 2%	
Pos 345(2)	7,05-7,15 m	7.1	CAUC	Leire	26	5.0	25.0	21.7	20.2	0.5	52.57			
Pos 345(2)	7,05-7,15 m	7.1	CAUE	Leire			24.8		20.1	-10	-42.03	-27.8354	0.78	0.52
Pos 345(2)	7,05-7,15 m	7.1	CAUC	Leire			26.2		20.2	1.5	54.84			
Pos 345(2)	10,05-10,15 m	10.1	CAUC	Leire, kvikk	118	5	28.1	21.7	19.9	0.5	58.22		0.51	0.42
Pos 345(2)	10,05-10,15 m	10.1	CAUE	Leire, kvikk			28		19.9	-10	-30.26	-24.2724		
Pos 345(2)	10,05-10,15 m	10.1	CAUC	Leire, kvikk			27.5		20	1	60.09			
Pos 345(2)	10,15-10,25 m	10.2	CAUC	Leire, kvikk			28.3		19.6	1	59.87			
Pos 345(2)	10,15-10,25 m	10.2	CAUE	Leire, kvikk			28.9		19.8	-10	-29.78	-25.1634		
Pos 346	5,05-5,15 m	5.1	CAUC	Leire, sprøbrudd	18	8.2	34.5	29.7	19.3	0.5	57.57		0.43	0.38
Pos 346	5,05-5,15 m	5.1	CAUE	Leire, sprøbrudd			34.7		19.1	-10	-24.98	-22.2685		
Pos 346	5,05-5,15 m	5.1	CAUC	Leire, sprøbrudd			32.7		19.5	0.5	58.65			
Pos 346 (2)	8,03-8,13 m	8.1	CAUC	Siltig leire, kvikk	124	4.5	33.6	20	19.1	1	55.55		0.42	0.30
Pos 346 (2)	8,17-8,27 m	8.2	CAUE	Siltig leire, kvikk			34.1		19.4	-10	-23.05	-16.256		
Pos 346 (2)	8,17-8,27 m	8.2	CAUC	Siltig leire, kvikk			34.4		19.2	0.5	54.31			
Pos 346 (2)	8,17-8,27 m	8.2	CAUC	Siltig leire, kvikk			34		19.4	0.5	54.74			
Pos 346	10,1-10,2 m	10.1	CAUC	Leire, sprøbrudd	39	4.9	29.7	21.8	20	0.5	44.53213		0.48	0.32
Pos 346	10,1-10,2 m	10.1	CAUE	Leire, sprøbrudd			29.6		20.1	-10	-21.3733	-14.2518		
Pos 346	10,1-10,2 m	10.1	CAUC	Leire, sprøbrudd			27.6		20	0.5	44.75012			
*Plastisitetsindeks og sensitivitet angitt for ein av prøvane.														
**Basert på gjennomsnittsverdi av resultatata i same djupne.														
***γ ved τ <sub>max</sub> er mellom 0.5 % - 2 % for CUAC og konsekvent lik 10% for CUAE														

Som støtte i valg av anbefalt skjærfasthet, har vi valgt å sjå på empiriske samanhengar for normalisert udrenert skjærfasthet i overkonsolidert leire. Udrenert skjærfasthet er nært relatert til in-situ effektivspenningar og leiras pre-konsolideringsgrad gjennom den generelle relasjonen (Ladd et.al.1977):

$$\left(\frac{s_u}{p'_0}\right)_{OC} = \left(\frac{s_u}{p'_0}\right)_{NC} \cdot OCR^m$$

Der:  $\left(\frac{s_u}{p'_0}\right)_{OC}$  = *normalisert fastheit for overkonsolidert leire*


$\left(\frac{s_u}{p'_0}\right)_{NC}$  = *normalisert fasthet for normalkonsolidert leire*

$OCR$  = *overkonsolideringsgrad*

$$m = 0.85 - \frac{0.2 \cdot I_p}{100}, \text{ erfaringsmessig mellom } 0.6 \text{ og } 0.9 \text{ for norske leirer, med } IP \text{ lik } 10\%$$

*blir m lik 0.83*

Relasjon mellom normalisert udrenert skjærfasthet frå aktive treaksialforsøk mot overkonsolideringsgrad basert på forsøk på blokkprøvar er vist i Figur 7-8. Overkonsolideringsgrad (OCR) er definert med ødometerforsøk og er presentert i Figur 7-13. OCR tolka frå ødometerforsøka varierar mellom 1.6 – 3.9 avhengig av djupna i profilet. Erfaringsmessig  $s_{uA}/p'_0$  forhold innanfor tolka OCR er angitt i Figur 7-8. I figurane som viser  $S_U^A$  tolka frå CPTU (sjå vedlegg) er det lagt inn ei linje for  $S_U$  tolka med  $s_u/p'_0$  forhold lik 0.28 som ei referanselinje. For BH 345 og 346 (teikning 111-b og 112-b) er det inkludert kurve for  $S_U^A$  berekna med SHANSEP for å illustrere effekten av overkonsolidering. I desse plotta er det inkludert berekna  $S_U^A$  for  $\Delta\sigma'_v = 40 \text{ kN/m}^2$  og  $140 \text{ kN/m}^2$ ,  $m$  som angitt over og  $(S_U/p'_0)_{NC}$  forhold lik 0.28.



Figur 7-8.  $s_{uA}/p'_0$  forhold presentert som funksjon av  $OCR/24/$ .

### 7.6.2 CPTU

Det er utført eit betydeleg antal CPTU i dette prosjektet, i alt 20 CPT'ar er utført, men nokre er forkasta grunna dårleg poretrykksrespons. I alt 15 CPT'ar er tolka og presentert i denne rapporten. Utførelse i felt og øvrig informasjon er presentert i datarapporten /19/ og er ikkje drøfta vidare her.

Tabell 7-3. CPTU nummer og sonderingsdjupne for CPTU'ar presentert i denne rapporten.

CPTU no.	Djupne (frå overflate) [m]	CPTU no.	Djupne (frå overflate) [m]
308	30,76	503	22,2
309	22,73	505	19,4
314	24,77	311b	19,84
317	11,9	335b	9,4
330	3,83	339b	14,4
337	17,69	343b	17,3
345	25,26	353b	7,7
346	15	369b	9
371	7	364	7,4
410	5	501	9,5

SVV har kontrollert at alle utførte CPTU tilfredsstillir krava til anvendelsesklasse 1 (informasjon frå SVV). Anvendelsesklassane er definert i NGF melding 5 og NS-EN ISO 22476-1. Anvendelsesklasse er ikkje kommentert i datarapporten /16/.

I tolkingsverktøyet for CPTU er det lagt inn hydrostatisk poretrykk tilsvarande GV to meter under terreng. Registrerte poretrykksmålingar tilsvarar grunnvannstand mellom  $\approx 1,5$  og  $\approx 3,5$  m under terreng (sjå Tabell 7-7). I tolkingane er grunnvasstand bestemt på grunnlag av CPTU lokasjon relativt til grunnvassbrønnar. Grunnvasstand er lagt inn i djupner varierende mellom om lag 1.5 m og 2.5 m djupne. Basert på vasstand i grunnvassbrønnane er difor GV lagt inn i tolkinga noko høgare. Det er også registrert noko poreovertrykk med djupna, høgare GV i tolkinga kan nyttast for å modellere eventuelt in-situ poreovertrykk.

Sensitiviteten for valg av grunnvasstand ved tolking av CPTU er kontrollert ved å samanlikna  $S_U$  for grunnvasstand i terreng og  $S_U$  for grunnvasstand 2.5 m under terreng. Dette fører til ei endring av tolka skjærfasthet på 0.8 kPa for tolking basert på  $N_{\Delta u}$  som funksjon av  $B_q$ , og 2.8 kPa for tolking basert på bestemt  $N_{\Delta u} = 9.0$ .

Multiconsult har eit eigenutvikla tolkningsverktøy for tolkning og presentasjon av CPTUsonderingar. Tolkingane er basert på dagens anerkjente metodar. Verktøyet gir blant anna moglegheit for tolking av udrenert skjærfasthet både med hensyn på effektiv spissmotstand ( $qt - u$ ), netto spissmotstand ( $qn = qt - \sigma_{v0}$ ) og poreovertrykk ( $u - u_0$ ). Det generelle formelgrunnlaget for tolking er presentert nedanfor:



Basert på spissmotstand,  $q_n$ :  $S_{uA} = q_n / N_{kt}$

Basert på poreovertrykk,  $\Delta u$ :  $S_{uA} = \Delta u / N_{du}$

Basert på effektiv spissmotstand,  $q'_t$ :  $S_{uA} = q'_t / N_{ke}$

Tolkingsfaktorane  $N_{kt}$ ,  $N_{ke}$  og  $N_{du}$  kan veljast frå empiriske variasjonsområder og korrelerast mot poretrykksforholdet  $B_q$  eller laboratorieparameterane  $St$  (sensitivitet),  $OCR$  (overkonsolideringsforhold) og  $I_p$  (plastisitet) gjennom empiriske samanhengar basert på treaksialforsøk på blokkprøvar. I dette prosjektet er det valgt å korrelera mot poretrykksforholdet  $B_q$ . Då det er  $B_q$  vi har størst og best erfaring med for tolking av tilsvarande lausmassar. Dei empiriske korrelasjonene mot  $B_q$  for  $N_{kt}$ ,  $N_{ke}$  og  $N_{du}$  som vert nytta i tolkinga er presentert nedanfor (frå: Karlsrud m. fl. (1996, 2005), Kirkebø (2006), Sandven (2007))

$$N_{kt} = C_1 - C_2 \cdot B_q$$

$$N_{du} = C_3 + C_4 \cdot B_q$$

$$N_{ke} = C_5 - C_6 \cdot B_q$$

I dette prosjektet har vi resultat frå treaksialforsøk utført på blokkprøvar, det er difor eit godt grunnlag for å velje  $N$ -verdiar basert på dette i lag der blokkprøvane er representative.

Tolkinga utført for dette prosjektet legg hovedvekt på  $N_{du}$ , men  $N_{kt}$  og  $N_{ke}$  vet også vurdert. Erfaringsmessig gir  $N_{du}$  den beste tolkinga av leirmaterialer. Dette fordi spissmotstanden normalt vil vere låg i blaute leirer, som medfører at måleunøyaktighet får stor betydning, mens poreovertrykket vil vere høgt (stor verdi) og måleunøyaktighet får erfaringsmessig mindre betydning.

Empirisk variasjonsområde for korrelasjonsfaktorane  $C_1 - C_6$  er vist i Tabell 7-4.

Tabell 7-4. Empirisk variasjonsområde for korrelasjonsfaktorane  $C_1 - C_6$ .

Formel	Faktor	Korrelasjonsfaktorar		
		Middel kurve	Høg	Låg
$S_{UA} = q_n / (C_1 - C_2 \cdot B_q)$	$C_1$	18.7	20.5	16.5
	$C_2$	12.5	12.1	10.1
$S_{UA} = \Delta u / (C_3 + C_4 \cdot B_q)$	$C_3$	1.8	2.2	1.0
	$C_4$	7.25	7.7	7.1
$S_{UA} = q'_t / (C_5 - C_6 \cdot B_q)$	$C_5$	13.8	15.6	11.8
	$C_6$	12.5	12.5	11.1

Dei empiriske korrelasjonane med  $B_q$  er etablert ut frå treaksialforsøk på høgkvalitets blokkprøvar og representerer peak-verdiar for brudd. Det er difor forventa at tolka  $S_u^A$  frå CPTU skal stemme overeins med resultatata frå treaksialforsøka. Ved uttak av karakteristiske verdiar med støtte i CPTU-tolking (der tolkinggrunnlaget er basert på høgkvalitets blokkprøvar), inkluderar anerkjent praksis at tolka udrenert skjærfasthet frå CPTU normalt skal reduserast for at designparameterane skal liggje i rimeleg avstand frå brot-tilstand. Det er anbefala at denne reduksjonen er på 15% NVE 7/2014 /13/. Figurane som viser «design linje» for  $S_u^A$  er ikkje redusert med 15 %. Reduksjonen av styrke vert lagt inn i berekningsprogrammet (Geosuite Stabilitet).

Vi har vald å presentera  $S_U^A$  tolka basert på korrelasjonsfaktorar frå «middel kurve».  $S_U^A$  er difor i våre tolkingar av CPTU tolka med følgjande empiriske samanhengar:

$$S_U^A = \frac{q_n}{N_{kt}} = \frac{q_n}{(C_1 - C_2 \cdot B_q)} = \frac{q_n}{(18.7 - 12.5 \cdot B_q)}$$

$$S_U^A = \frac{\Delta u_2}{N_{du}} = \frac{\Delta u_2}{(C_3 + C_4 \cdot B_q)} = \frac{\Delta u_2}{(1.8 + 7.25 \cdot B_q)}$$


$$S_U^A = \frac{q'_t}{N_{ke}} = \frac{q'_t}{(C_5 - C_6 \cdot B_q)} = \frac{q'_t}{(13.8 - 12.5 \cdot B_q)}$$

Korrelasjonane basert på  $B_q$  er etablert ved forsøk på leirer med typiske verdiar for  $B_q$  i området 0.5 – 0.9. Dei etablerte korrelasjonane vert difor meir unøyaktige for  $B_q$  verdiar utanfor dette intervallet.

### 7.6.3 Anisotropi

Tabell 7-2 presenterer også forholdet mellom passiv og aktiv skjærstyrke,  $S_U^E/S_U^C$ . NIFS rapport 14/2014 /15/ presenterar anbefalte verdiar for anisotropiforhold mellom aktiv, direkte og passiv (ADP) skjærstyrke. Forholdstala presentert i /15/ er basert på peak fasthet.

Resultata frå blokkprøvane i dette prosjektet viser peakverdi for  $s_U^C$  ved 0.5% – 1.5% tøyning, for passiv styrke,  $s_U^E$ , er tøyninga konsekvent 10% ved peakverdi. Tabell 7-2 viser anisotropiforhold mellom passiv og aktiv styrke både ved peak skjærspenning (dvs.  $\gamma$  lik 10% for  $s_U^E$ ) og ved  $s_U^E$  for  $\gamma$  lik 2%. Dersom ein nyttar  $s_U^E$  ved 2% tøyning, så er det ein rimeleg bra overensstemmelse med anbefalinga i /15/. Nyttar ein peak verdien for  $s_U^E$  så blir anisotropiforholdet høgare. Figur 7-9 viser resultata frå forsøka samanlikna med anbefalinga i /15/.



Figur 7-9. Samanlikning mellom  $s_U^E/s_U^C$  opp mot NIFS /15/.

NVE veileidar 7/2014 /13/ påpeikar at ved valg av karakteristiske fastheitsverdier, skal dei målte fastheitene frå aktive og passive triaksialforsøk samt frå eventuelle direkte skjærforsøk (DSS) takast ut ved same tøyning for samtlege jordlag (prinsippet om tøyningsskompatibilitet). Normalt vert dette gjort ved den tøyning som gir den høgaste summen fra aktive-, passive- og DSS-forsøk.

Basert på resultat frå blokkprøvar, føringa i NVE 7/2014 /13/ og anbefalinga i NIFS rapporten så benyttast anisotropifaktorane presentert i Tabell 7-5 i stabilitetsberekningane i dette prosjektet.


**Figur 7-4** indikerer at mesteparten av innhenta prøvemateriale har  $IP < 10\%$ .

Tabell 7-5. Anisotropifaktorar.

$s_u^D/s_u^C$	$s_u^E/s_u^C$
0.63	0.35

## 7.7 Sensitivitet

Sensitivitet er berekna basert på konusforsøk (omrørt/intakt).




Figur 7-10. Sensitivitet basert på konusforsøk.

## 7.8 Prekonsolidering


Prekonsolidering kan tolkast frå ødometerforsøka. Det er utført ødometerforsøk på blokkprøvar ved borhol 345 og 346. Ødometer er utført som CRS (Constant Rate of Strain = kontinuerlig ødometer) og IL (Incremental loading = trinnvis ødometer).

Ei kort utgreiing om ødometertestane er presentert i /19/: «Det er utført av- og pålasting ved 800-500 kPa og tøyingshastighet etter handbok R210 (dette vart seinare droppa for nokon), for prøvar nær vegen (BP346) skulle det også køyrast IL (trinnvis), CAUc (aktive) treks med skjærtøyingshastighet 1,5 %/time og CAUe (passivt) med skjærtøyning 1 %/time.».

Datarapporten /19/ med inkludert laboratorierapport presenterar elles inga vurdering av forsøka. Prekonsoliderings spenning tolka frå ødometer (CRS) og effektivt overlagingstrykk (utrekna med tyngdetettleik presentert i **Figur 7-11**) er vist i **Figur 7-12**.



Figur 7-11. Tyngdetettleik BH 345 og 346.



Figur 7-12. Effektivt overlagingstrykk plotta mot prekonsoliderings spenning tolka frå ødometer.

Forsøka i punkt 346 tyder på lågare prekonsolideringsspenning med djupna, medan resultata i borpunkt 345 tyder på ein meir konstant prekonsolideringsspenning med djupna (kun to djupner vel å merke).

Prekonsolideringsspenninga tolka frå forsøka varierer mellom ca. 180 kN/m<sup>2</sup> og 300 kN/m<sup>2</sup>.


Differanse mellom tolka prekonsoliderings spenning og effektivt overlagingstrykk,  $\delta\sigma'_v = p'_c - \sigma'_{v0}$ , varierar tilsvarende mellom om lag 170 kN/m<sup>2</sup> i 5 m djupne og om lag 80 – 90 kN/m<sup>2</sup> i 8 – 10 m djupne. Ei linje som indikerar  $\delta\sigma'_v = 140$  kN/m<sup>2</sup> er angitt i **Figur 7-12**.

/18/ forklarar høgare overkonsolideringsgrad (OCR) med aldri og forvitringseffektar i øvre lag. Dette kan vere ei naturleg forklaring, og stemmer overeins med kvartærgeologisk beskriving i datarapporten frå 2006 /17/.


Eit døme på tolking av prekonsolideringsspenning er vist i Figur 7-14. Forsøket er presentert i datarapporten /19/. Vår tolking av  $p'_c$  og tilhøyrande overkonsolideringsgrad (OCR) er vist i Tabell 7-6.

Tabell 7-6. Tolka prekonsolideringsspenning,  $p_c'$  og overkonsolideringsgrad, OCR, frå BH 346.

BH	Djupne	$p_c'$	OCR
	[m]	[kN/m <sup>2</sup> ]	[-]
346	5	270	3.8
346	5	260	3.7
346	8	180	1.8
346	8	190	1.9
346	10	190	1.6
346	10	200	1.7
345	7.7	250	2.5
345	7.7	300	3
345	10.2	280	2.3
345	10.2	270	2.2




Figur 7-13. Tolka OCR basert på blokkprøvar.



Figur 7-14. Illustrasjon som viser tolking av CRSC, 346-5.07-5.09m djupne.

### 7.9 Drenerte styrkeparameterar

Drenerte styrkeparameterar er tolka frå triaksialtestar på blokkprøvar frå punkt 345 og 346. Sampleplott med alle forsøk er vist i Figur 7-14, saman med ei «middel-linje» (raud farge) som tilsvarar styrketaket for ei linje med friksjonsvinkel,  $\phi$ , lik 29 grader og attraksjon 10 kN/m<sup>2</sup>. To linjer med attraksjon på henholdsvis 15 kPa og 5 kPa er også teikna opp i figuren.




Figur 7-15. Samleplott for treaksialtestar utført på blokkprøvar frå BH 346 og 345.


## 7.10 Vasstand og poretrykk

Vasstand er målt i fire punkt med grunnvassbrønn ved BH 345, 346, 410 og 505. Poretrykk er målt i 3 punkt med piezometer (tre djupner i kvart punkt) ved BH 345, 346 og 505. Basert på observasjonar frå grunnvassbrønnane så ligg grunnvatn i om lag 1.5 – 2.5 m djupne under terrengoverflate i det aktuelle området. Avlesing av piezometer tyder på noko poreovertrykk i djupna, siste avlesing antydar største verdi på 7 kPa.


Grunnvassbrønner og piezometer er installert våren 2018 i samanheng med grunnundersøkingane utført i same periode. Måleperioden er difor avgrensa, det har i tillegg vore uvanleg tørt i denne perioden. Det har vore meir nedbør på seinsommaren 2018, avlesingar etter denne tid kan difor vere meir representative. Observerte verdiar er presentert i følgjande figurar. Tolking av poreovertrykk er utført av SVV og oversendt som ein del av grunnlaget i geoteknisk datarapport /19/.



Figur 7-16. Poretrykksavlesning ved BH 505.



Figur 7-17. Poretrykksavlesning ved BH 346.




Figur 7-18. Poretrykksavlesning ved BH 345.

Resultata frå måling av grunnvassnivå (frå grunnvassbrønnane) er inkluderte i tolking av poreovertrykk presentert i Figur 7-16 - Figur 7-18. Avleste verdiar er presentert i geoteknisk datarapport /19/ attgjevne i Tabell 7-7.



Tabell 7-7. Resultat frå måling av grunnvassnivå /19/ og /20/.

Dato for måling	Djupne frå terreng til grunnvasstand i gitt borpunkt [m]			
	345	346	410	505
22.03.2018	Installasjon			
03.04.2018	3.15			
04.04.2018		Installasjon		
11.04.2018	2.93	2.83		
17.04.2018		2.56		
07.05.2018	2.22	2.30		
30.05.2018				Installasjon
31.05.2018			Installasjon	
01.06.2018	1.78	2.13	tørt	3.11
26.06.2018	2.01	1.55	3.67	2.22
23.08.2018	1.65	2.02	3.58	1.67



Figur 7-19. Avlesing av grunnvassbrønner.

Tidlegare målingar presenterte i /17/ indikerer grunnvasstand og poreovertrykk som følger:

Borpunkt	Vasstand (m under terreng)	Poreovertrykk [kPa]
128	0.5 – 0.8	0 (3.3m)
139	2	6 – 12 (6m og 8m)
146	2	4-7 (6m og 10m)

### 7.11 Jordparameterar for bruk i stabilitetsberekningane

Stabilitetsberekningane vert utført i berekningsprogrammet Geosuite Stabilitet. Berekningane vert utført på basis av to «standard» metodar:

- Totalspenningsbasis
- Effektivspenningsbasis

Der totalspenningsbasis skal modellere korttidstilstandar der påkjenningane på materialet er udrenert, døme på dette er utgraving og pålasting. Langtidstilstandar vert modellert på effektivspenningsbasis med drenerte forhold, dvs. tilstandar der eventuelle poretrykk forårsaka av påkjenningar har drenert ut.

#### 7.11.1 Parameterar for totalspenningsanalysar

Skjærstyrke med djupna er tolka frå laboratorieundersøkelser og CPTU og presentert i vedlegg. Totalsonderingar og dreietrykksunderingar er også nytta for å definere lagdelinga langs profila.

Borepunkt med tilhøyrande  $S_U$  frå laboratorietestar og CPTU er nytta for å etablere design profil for  $S_U^A$  i stabilitetsprofil som følgjer:

Tabell 7-8. Borepunkt tilhøyrande stabilitetsprofil.

Stabilitetsprofil	Design parameter frå borepunkt	Tidlegare boringar + dreietrykk, totalsonderingar etc.
N-N	337, 339, 345, 346, 343	130, 228, 226, 139, 5, 4, 204
P-K	346,	2, 3, 7, 23-V, 117-V, 118-V, 361, 346
X-U	308, 309, 311, 314, 317	316, 315, 313, 312, 310, 307, 306
K-L	503	147, 146, 358

Tabell 7-9. Design profil for aktiv udrenert skjærstyrke  $S_U^A$ . Profil for punkt 330 og 353 er ikkje inkludert, her er det utført CPT i kun begrensa djupne og det er tilsynelatande sandig materiale.

345, 337		346, 339		311, 505		309	
Djupne	Design	Djupne	Design	Djupne	Design	Djupne	Design
z (m)	$S_U^A$ (kPa)	z (m)	$S_U^A$ (kPa)	z (m)	$S_U^A$ (kPa)	z (m)	$S_U^A$ (kPa)
0.0	40	0.0	40	0	30	0	30
10.0	59	5.0	50	7	30	9	32
13.0	80	10.0	50	20	60	20	60
17.0	80	12.0	75			25	72
17.0	65	20.0	80				
25	85						


343b		503		335 b		314	
Djupne	Design	Djupne	Design	Djupne	Design	Djupne	Design
z (m)	S <sub>u</sub> <sup>A</sup> (kPa)	z (m)	S <sub>u</sub> <sup>A</sup> (kPa)	z (m)	S <sub>u</sub> <sup>A</sup> (kPa)	z (m)	S <sub>u</sub> <sup>A</sup> (kPa)
0.00	70.00	0	45	0.00	50.00	0	20
7.00	70.00	5	70	7.00	50.00	6	20
7.00	70.00	18	75	7.50	200.00	6	30
10.00	70.00	22	75	20.00	300.00	25	80
13.00	150.00						
18.00	150.00						
317		308		369b, 371, 364		410	
Djupne	Design	Djupne	Design	Djupne	Design	Djupne	Design
z (m)	S <sub>u</sub> <sup>A</sup> (kPa)	z (m)	S <sub>u</sub> <sup>A</sup> (kPa)	z (m)	S <sub>u</sub> <sup>A</sup> (kPa)	z (m)	S <sub>u</sub> <sup>A</sup> (kPa)
0.00	30.00	0	40	0.00	30.00	0	50
4.00	30.00	15	40	2.00	30.00	5	50
12.00	60.00	17.5	65	10.00	80.00		
		30	85				
501							
Djupne	Design						
z (m)	S <sub>u</sub> <sup>A</sup> (kPa)						
0	50						
5.5	50						
5.5	35						
8	35						
10	150						

Lagdeling som angir lag med kvikkleire er angitt på profil som viser stabilitetsberekningane. Udrenert styrke i sprøbruddmateriale og kvikkleire vert redusert med 15%.

Design profil for Tyngdetettleik til bruk i stabilitetsberekningane er basert på eit gjennomsnitt av målte verdiar (presentert i Figur 7-5). design linje saman med målte verdiar (alle målte verdiar) er presentert i Figur 7-20 og presentert i tabellform i Tabell 7-10.

Tabell 7-10. Tabulerte verdiar for tyngdetettleik.

Z [m]	$\gamma$ [kN/m <sup>3</sup> ]
0	20.5
4	20.5
4	20
10	20
10	20
25	20



Figur 7-20. Designlinje for tyngdetettleik.

### 7.11.2 Parameterar for Effektivspenningsanalyse

Treaksialforsøka er plotta i eit samleplott for å tolke friksjonsvinkel og attraksjon, dette er presentert i kapittel 7.9. Følgjande parameterar vert nytta i stabilitetsanalysane for drenert tilstand, forutan i lag med sand:

Tabell 7-11. Effektivspenningsparameterar.

Berekningsprofil	Friksjonsvinkel [°]	Attraksjon [kN/m <sup>2</sup> ]
N-N	29	10
P-K	29	10
U-X*	22	10

\*For topplag og leire i botn av profilet er det vald effektivspenningsparameterar lik N-N.

Merk at det ikkje er utført avanserte laboratorieforsøk på prøveseriar i den austlege delen av området (sone II). Sonderingane antyd at materialet i denne sona er av ein anna karakter, med tydeleg lågare penetrasjonsmotstand og svært låg sidemotstand (CPT). Dette er også synleg på resultatata frå dreietrykkssondering og totalsonderingar. Det er difor vald ein lågare friksjonsvinkel i lag som er tolka som sprøbrudd/kvikkleire material.

#### Grunnvasstand

Vasstand skal leggjast inn 1.5 m under terreng for alle berekningsprofilerna forutan vest for profil I-I, der grunnvassbrønn ved punkt 410 må leggjast til grunn. Vasstand for berekningsprofil vest for I-I skal difor leggjast inn 3.0 m under terreng.

#### Poreovertrykk

Poreovertrykk skal inkluderast i poretrykksprofilet, avhengig av lokasjon og registrerte verdiar i felt. I siste målingar er største registrerte poreovertrykk 7 kN/m<sup>2</sup>.

#### Tyngdetettleik

Effektiv tyngdetettleik skal leggjast inn som presentert i Tabell 7-10 og Figur 7-20.

## 8 Stabilitetsvurderingar

### 8.1 Generelt

Stabilitetsberekningane er utført med lamellemetode programmet Geosuite Stabilitet. Det er utført analysar både på totalspenningsbasis og effektivspenningsbasis. Benevning av profilar tek utgangspunkt i benevninga som er angitt på borplanen i datarapporten /19/. Områdestabilitet og lokalstabilitet er vurdert for tre situasjonar:

- Dagens situasjon
- Anleggsfase (for tilstandar undervegs i anleggsfasen medan vegen vert utbetra)
- Permanent tilstand (etter planlagt tiltak)

Berekningane er utført med aktiv – direkte – passiv skjærfasthet (ADP) med forholdstal presentert i kapittel 7.11. Vidare er fasthet i lag med sprøbruddmateriale og kvikkleire redusert med 15%.

Klassifisering av tiltaket i tiltakskategori (K3), faregrad «høg» og konsekvensklasse (CC3) fører til følgjande krav:

Områdestabilitet: Stabilitetsanalyse som dokumenterer:

- a) Sikkerhetsfaktor for områdestabilitet  $F \geq 1,4$  eller
- b) Forbedring hvis  $F < 1,4$  Forbetring ihht. fig.0.4 i /8/

Lokalstabilitet:  $F \geq 1.6$  (sprøtt, kontraktant brudd, både for totalspenning og effektivspenningsanalyse)

Analysane viser at det er nødvendig med prosentvis forbetring, det er difor også utført analysar med forbetrande tiltak.

### 8.2 Berekningsresultat

Resultata er vist i tabell med forklarande tekst. I tabellen er det også presentert berekna sikkerheit for alle tre fasar der det er vurdert som naturleg å sjekke alle tre fasane. Nummereringa av berekningsprofil følgjer nummereringa av profil gitt i borplanen presentert i /19/.

Følgjande berekningsnitt er vurdert:

- N-N – sone I. Det er utført stabilitetsanalysar for Profil N-N i alle tre fasar, det er anteke at dette snittet vil vere representativ for størstedelen av området mellom vegprofil 170 – 270 (ca.).
- P-K – sone I. Planteikning som viser profilet er vist i vedlegg 3. kontroll av stabilitet ved ravineskråning, i sida av ravina nedanfor vegen.
- K-L – sone I. Planteikning som viser profilet er vist i vedlegg 3.
- U-X – sone II. Kombinasjon av profil U og X som presentert i borplanen i datarapporten /19/.

Resultat frå utførte analysar er presentert i Tabell 8-1.

Tabell 8-1. Berekningsresultat for utvalde snitt og tilstandar.

Berekningsnitt	Tot.sp.	Eff.sp.	Omr.	Lokal	Dagens	Anl.fase	Perm.	M*	M&A*
N-N - øvre	x		x		1.08	1.06	1.08	1.08	1.37
N-N - nedre	x		x		1.04	1.09	1.03	1.30	1.30
N-N - midt	x			x	1.40	1.39	1.28		
N-N - øvre		x	x		2.12	1.95	2.13		
N-N - nedre		x	x		1.25	1.25	1.25		
N-N - midt		x		x	2.02	1.56	2.02		
P-K - hele	x		x		1.41				
P-K - nedre	x		x		1.65				
U-X midt	x		x		1.00				
U-X hele	x		x		1.00				
U-X øvre m.vei	x		x		1.02				
U-X midt		x	x		1.60				
U-X øvre m.vei		x	x		1.57				
K-L	x		x		1.00				
K-L		x	x		1.73				
K-L	x		x					1.19	
K-L	x			x				1.76	

\*M = motfylling, A = avlasting av terrenget i skråning over veg

I tilknytning til sone II så er det rekna på eit profil som er samansett av U-U og X-X profilet (sjå borplan i /19/). Det er vurdert slik at dette profilet vil vere dekkande for å belyse stabilitetsproblematikk i dette området.

### 8.2.1 Diskusjon

#### Generelt

Det er generelt lagt til grunn at vurderingane presentert i denne rapporten skal vere på reguleringsplannivå. Analysane som er utført er difor ikkje på detaljnivå. Det er fokusert på representative snitt i områder som er vurdert som kritiske. Deretter er det vurdert om det er mogleg å gjennomføra tiltaket. Forbetrande tiltak er ikkje optimalisert i form av størrelse, lengde, bredde, volum etc. dette må vurderast vidare i seinare fasar om det viser seg at prosjektet skal realiserast.

*Berekna sikkerheitsfaktorar pr.profil*

**Profil U-X, vegprofil 0 – 150, sone II:** Områdestabilitet på totalspenningsbasis resulterer i sikkerheitsfaktorar på om lag 1.0, analysar på effektivspenningsbasis resulterer i sikkerheitsfaktorar på 1.57. Analysane viser dermed at området er sensitivt for udrenerte spenningsendringar (korttid), medan ein drenert langtidstilstand gir relativt god sikkerheit. Merk elles at djupne på kvikkleirelag/sprøbruddmateriale ved punkt 308 er lagt nokre meter høgare enn det tolkinga av CPTU 308 indikerer, dette fordi totalsonderinga i same punkt indikerer eit lag med meir motstand/stein eller liknande. Kvikkleire til større djupne vil bety noko lågare berekna sikkerheitsfaktor. Berekna sikkerheitsfaktor er allereie 1.0 på totalspenningsbasis og eventuelt lågare sikkerheitsfaktor vil ikkje få nokon konsekvens for utfallet av vurderingane presentert her.

Borpunkt 306 ligg på kanten av vegen ved profil U-U og vi vurderer det slik at dette punktet avgrensar sprøbrudd/kvikkleira i sone II. Rettnok har sonderinga eit sprang «inn» på om lag 4 m djupne, men prøveserien i same djupne viser siltig leire med omrørt styrke lik 92 kN/m<sup>2</sup>. Vidare kan ein også sjå av totalsondering no.306 at den viser konstant motstand mellom 14 m – 30 m djupne. Motstanden er forøvrig dobbelt så stor (10 kN) som for øvrige totalsonderingar i profil U-U der det er påvist kvikkleire/sprøbrudd material. Vi tolkar det difor slik at det ikkje er sprøbrudd/kvikkleire i dette punktet, det er likevel noko usikkerheit hefta ved denne konklusjonen.

Med bakgrunn i ovanfor nemnde observasjonar vurderer vi det slik at ei eventuell utgliding i sone II ikkje vil gå heilt bak til vegen då det ikkje er påvist sprøbrudd/kvikkleire materiale langs vegens profil 0 - 100. Tiltaket relatert til utbetring av vegen langs profil 0 – 150 kan utførast utan negativ innverknad på områdestabilitet (ved masseutskifting med lette massar). Dette må vere ein føresetnad for at tiltaket kan utførast langs dette profilet.

Grunna ovanfor nemnde punkt konkluderar vi med at det ikkje er naudsynt å hensynta områdestabilitet på nedsida av vegen langs profil U-X. Tiltaket mellom profil 0 – 150 vil difor vere mogleg å gjennomføre innanfor påkrevde sikkerheitsnivå.

Totalspenningsanalysane resulterer i låge sikkerheitsfaktorar for områdestabilitet i sone II. Dette er noko som må takast til etterretning av rådande myndigheiter i form av restriksjonar til fylling og gravearbeider i området.

**Profil N-N, vegprofil 170 – 270, sone I:**

Analysar av områdestabilitet for dagens situasjon viser låg sikkerheit på totalspenningsbasis, og den er også lågare enn kravet ( $F > 1.4$ , K3, høg faregrad eller) på effektivspenningsbasis. Berekna sikkerheitsfaktor for områdestabilitet er 1.04 og 1.25 på henholdsvis totalspenningsbasis og effektivspenningsbasis.

Det er dermed krav om prosentvis forbetring (om lag 18% - 19%) ihht. Figur 0.4 i SVV handbok V220 /8/. Med dei skisserte tiltaka (sjå kap.9) er berekna forbetring om lag 25 %. Som kommentert tidlegare, her må det gjerast eit grundig arbeid i ein detaljfase for å definera nøyaktige dimensjonar og utstrekning på fyllingar og avlasta sone(r). Det er kun presentert resultat berekna på totalspenningsbasis (mht.%vis forbetring), det er forøvrig også sjekka at effektivspennings analysane gir tilfredsstillande kapasitet sjølv om dette ikkje er presentert her.

Berekna sikkerheitsfaktor for lokalstabiliteten er i storleiksorden 1.4 og høgare, dette er lågare enn kravet på 1.6 (CC3 og sprøtt materiale), sjå Tabell 3-3. Med avlasting vil forøvrig lokalstabiliteten



betre seg betydeleg. Kalk-sement stabilisering kan også betre lokalstabiliteten om dette viser seg nødvendig. Med forbeholdende tiltak kan ein anta at lokalstabiliteten vil kome opp på eit nivå som er innanfor regelverket. Sett i lys av grad av detaljering på reguleringsplannivå er det ikkje utført vidare analysar av lokalstabilitet med føreslegne tiltak.

I effektivspennings analysane er det lagt inn hydrostatisk poretrykk med djupna, men grunnvasstand er lagt høgare for å modellere eit poreovertrykk i djupna.

Ein anna kommentar til analysane er at for effektivspenningsanalysen er bruddsirklane for lokalstabilitet styrt for å få ei lokal djupare bruddflate som ikkje er overflateglidning.

#### **Profil P-K, vegprofil 170 – 270, sone I:**

Det var kommentert i kontrollrapport frå GeoVest Haugland /21/ at det burde reknast på eit profil inn mot ravina. Dette er utført i denne rapporten og representert med snitt P-K. Analysen på totalspenningbasis viser berekna sikkerheitsfaktor på 1.41. Dette er like over kravet på 1.4 som definerer om ein må utføre forbeholdende tiltak. Denne rapporten konkluderar med at ravina i sone I må fyllast med sprengsteinsfylling, dette vil også medføre at sikkerheit knytt til utgliding mot ravina vil verte betra. Det er kun utført totalspenningsanalyse for dette snittet då berekning på effektivspenningsbasis har vist seg å resultere i betydeleg betre kapasitet for dei andre snitta.

Bekkeløpet i ravina (sone I) må leggjast i røyr før fyllinga vert lagt ut.

#### **Profil K-L, midt i ravine, sone I:**

Planteikning som viser lokasjon for profil K-L er vist i vedlegg 3, det er også presentert styrkeprofil for dei punkta som ikkje er presentert i Tabell 7-9. Nedre del av ravina skal fyllast opp for å stabilisere skråninga i ravina mot fylling som vert lagt ut mellom ca profil MM-RR, i tillegg til at vegkurvaturen skal rettast ut og vert lagt på fylling i ravina.

Det er berekna ein sikkerheitsfaktor på 1.00 på totalspenningbasis for dagens situasjon, effektivspenningsbasis gir ein berekna sikkerheitsfaktor på 1.73. Med oppfylling av ravina vil berekna sikkerheit auka i dette profilet. Ein sjekk på betydningen av motfylling er utført. Med 4 m høg motfylling er berekna sikkerheitsfaktor på totalspenningbasis 1.19, dvs. 19% forbetring, 20% forbetring, eller meir kan oppnåast berekningsmessig ved å hensynta 3D effektar. Fyllinga er då lagt opp til kotehøgde +47 som høgaste nivå øvst i ravina.

Dimensjonar på motfylling må detaljerast i ein seinare fase. Avlasting i øvre del av profilet kan også vurderast men dette må også sjåast i samanheng med bakenforliggjande terreng og bebyggelse. Det er bratt også ovanfor ravina og avlasting kan vera vanskeleg å gjennomføre.

Lokalstabilitet for veg i ravine-området er vurdert som ikkje kritisk, då ravina er planlagt oppfylt med sprengstein. Det vil då verte sprengsteinsfylling i stor utstrekning nedanfor vegtraseen, noko som vil verke stabiliserande. Sikkerheitsfaktor for ei lokal glideflate ved vegbana er berekna til 1.76 på totalspenningbasis.

#### *Berekningsmetode*

Det er nytta lamellemetode (Geosuite) for å rekne på stabilitet. Eit elementmetodeprogram (FEM) vil kunne finne glideflater med lågare motstand. På dette nivået er likevel lamellemetode programmet vurdert som nøyaktig nok for å vurdere om tiltaket er gjennomførbart.

### *Grunnvasstand*

Vi har vurdert sensitivitet ved å variere grunnvasstand frå terrengnivå til to meter under terreng. Dette får eit utslag på om lag 10% på berekna sikkerheitsfaktor i effektivspenningsanalysar.

### *Styrkeparameterar*

Styrkeprofil (udrenert skjærfasthet) i sone II er basert på CPTU, konus og einaks. Det er tydeleg at leira i det austlege området (sone II) har ein anna karakter enn leira i sone I. Det er ikkje utført avanserte laboratorieundersøkingar, og difor heller ikkje nøyaktig informasjon om styrkeparameterar på totalspenningbasis eller effektivspenningbasis. For stabilitetsberekningar på totalspenningbasis er tolka CPTU profil lagt til grunn, medan det er lagt til grunn antatt konservative effektivspenningparameterar i sprøbrudd/kvikkleirelaget.

### *Resultatet i denne rapporten vs. tidlegare vurderingar*

Det har i tidlegare vurderingar vorte konkludert med at tiltak i form av: fylling av ravine ved sone I, etablere motfylling, og avlasting kan vere aktuelle for å betre områdestabiliteten.

